ALVER KOMMUNE

Nils Markus Bakke
FJELLANGERSVINGANE 147
5955 LINDÅS

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar:<br>Vår: 22/2558 - 22/26797 | Hogne Askeland<br>hogne.askeland@alver.kommune.no | 04.04.2022 |

# Tilbakemelding etter synfaring gbnr. 103/2 Fjellanger

**Tiltak:** Forureining
**Byggjestad:** Gbnr 103/2
**Tiltakshavar:** Nils Markus Bakke

**Saka gjeld**
Vi viser til synfaring på eigedomen din gbnr. 103/2 Fjellanger den 01.04.2022.

**Arbeidet kan vere søknadspliktig**
Vi gjer merksam på at utført tiltak kan vere søknadspliktig etter forureiningslova og etter plan- og bygningslova. Du må derfor sende oss ei utgreiing om kva arbeid som er utført, slik at vi kan få klarlagt dei faktiske forhalda.

Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot forureiningslova eller plan- og bygningslova. Vi ber i fyste omgang om utgreiing av tilhøva.

**Kva må utgreiinga innehalde?**

1. Vi ber om at du sender oss opplysningar om kvar betongen kjem frå og dokumentasjon som viser at betongen ikkje er ureina. Vi ber også om opplysningar om kva mengd betong du har motteke.

2. Når resultat av vassprøven ligg føre må du sende dette resultatet til oss.

3. Du må også sende kopi av avkøyrselsløyve frå Statens Vegvesen.

4. Landbruksvegen, vi ber om kopi av denne søknaden.

Du kan sende oss utgreiinga til e-postadresse post@alver.kommune.no eller per post:

Alver Kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

**Frist for utgreiing er 3 veker frå brevdato.**

**Anvendt regelverk**
Du har plikt til å greia ut om det utførte tiltaket i følge Plan- og bygningslova § 31-7.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/2558**

Med helsing
Alver kommune Miljø og tilsyn

| | |
|---|---|
| Eirik Berntsen | Hogne Askeland |
| Avdelingsleiar | Konsulent |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Nils Markus Bakke | FJELLANGERSVINGANE 147 | 5955 | LINDÅS |